

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8520-4

## Fylkesordføraren sin rådgjevar

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesordføraren sin rådgjevar skal tilsetjast i ei administrativ stilling.
2. Den ordninga som no vert etablert skal evaluerast ved utgangen av fylkestingsperioden.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkesordføraren sin politiske rådgjevar har nyleg sagt opp stillinga si, då han ikkje får forlenga permisjon hjå arbeidsgivaren han er fast tilsett hjå. Han sluttar i fylkeskommunen ved årsskiftet.

Fylkestinget må no ta stilling til kva som skal skje med funksjonen som politisk rådgjevar.

*Historisk oversyn:*

Fylkesordføraren hadde i ei rekkje år ein sekretariatsleiar som var tilsett i fylkeskommunen, men underlagd fylkesordføraren i ca. 80% av arbeidstida si.

I samband med at sekretariatsleiaren nærma seg pensjonsalder la fylkesrådmannen fram notatet «Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar» til fylkesutvalet sitt møte 26.11.14 (FU-sak 142/14). Etter å ha rådført meg med fylkesordføraren tilrådde eg der følgjande:

*«1 Sekretariatsleiaren vert framleis underlagd fylkesordføraren.*

*2. Stillinga som sekretariatsleiar bør i framtida vere eit politisk verv og funksjonstida bør følgje funksjonstida til fylkesordføraren. Fylkesordføraren bør sjølv få peike ut den personen vedkomande ønskjer i stillinga, men ein kan ikkje peike ut ein fylkestingsrepresentant.*

*3. Ny sekretariatsleiar bør få ein stillingsprosent på 80 prosent. Det er då føresett at delar av oppgåvene hans må vidareførast på administrativ side.»*

Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til dette.

Til fylkesutvalet sitt møte 13.10.15, sak 104/15, følgde fylkesrådmannen opp tilrådingane i notatet ved å leggje fram sak om fylkesordføraren sin rådgjevar. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak:

*1 Det vert engasjert rådgjevar i 80 % stilling. Rådgjevaren vert stilt til rådvelde for fylkesordføraren og det politiske nivået elles i fylkeskommunen, etter fylkesordføraren si avgjerd.*

*2. Funksjonstida for rådgjevaren skal følgje funksjonstida til fylkesordføraren (4 år). Fylkesordføraren peikar sjølv ut den personen vedkomande ønskjer.*

*3. Rådgjevaren får rett til å gå over i fast stilling i fylkeskommunen etter at den fylkeskommunale valperioden er ute.*

I møte 14.06.16, sak 11/16, oppheva fylkestinget pkt. 3 i fylkesutvalet sitt vedtak i sak 104/15.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Det er opplagt at fylkesordføraren framleis må ha ein rådgjevar, som på ulike måtar tilrettelegg for fylkesordføraren sitt arbeid. Spørsmålet fylkestinget no må ta stilling til er først og fremst om fylkeskommunen skal halde fram med den nyleg etablerte ordninga med ein politisk utnemnd rådgjevar, som har stillinga som eit politisk verv, eller om rådgjevaren denne gongen bør tilsetjast av fylkesrådmannen. I sistnemnde tilfelle bør vedkomande, som andre administrativt tilsette, vere underlagd fylkesrådmannen, og ikkje fylkesordføraren.

Etter å ha konferert med fylkesordføraren gjer eg framlegg om at rådgjevaren no bør tilsetjast administrativt. Det vert i tilfelle ei fast tilsetjing.

Ein politisk utnemnd rådgjevar er ikkje tilsett i fylkeskommunen, men har eit politisk verv som følgjer funksjonstida til fylkesordføraren. Den som har eit slikt verv fell ikkje inn under regelen i kommunelova § 40, nr. 1, andre avsnitt, som gir arbeidstakar «rett til permisjon fra sitt arbeid i fire år eller for resten av valgperioden for å utføre heltids eller deltids kommunalt eller fylkeskommunalt verv». Den nemnde føresegna rettast seg berre mot medlemmer av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ. Ein politisk utnemnd rådgivar som er arbeidstakar, er såleis i praksis avhengig av permisjon etter dei vanlege reglane i arbeidslivet, for at vedkomande skal vere villige til å påta seg vervet. Denne typen permisjonar er gjerne avgrensa til eitt eller to år.

Fylkesordføraren si erfaring så langt er at det på bakgrunn av ovannemnde vert vanskeleg å rekruttere og halde på ein politisk utnemnd rådgjevar for resten av valperioden.

Etter nærare drøftingar/vurderingar er vi ut frå dette komne til at rådgjevaren bør tilsetjast administrativt. Arbeidsoppgåvene bør vere om lag dei same som den politiske rådgjevaren har hatt. I tillegg til å tilretteleggje for fylkesordføraren sitt arbeid, skal vedkomande difor også – etter fylkesordføraren si avgjerd - utføre arbeidsoppgåver for andre folkevalde i fylkeskommunen.

Av rekrutteringsomsyn kjem eg til å tilrå overfor dei hovudtillitsvalde at stillinga vert lyst ut som ei 100 prosent stilling. Dette vil ikkje innebere auka lønsutgifter for fylkeskommunen. Den som vert tilsett, vert løna som rådgjevar i tråd med fylkeskommunen sin lønspolitikk.

Ordninga bør evaluerast ved utløpet av denne fylkestingsperioden.

Jf. elles framlegg til vedtak.